



KANDIDAT

**672**

PRØVE

**JUS2001 1 Kontraksrett II**

---

Emnekode	JUS2001
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	19.10.2020 07:00
Sluttid	19.10.2020 13:00
Sensurfrist	09.11.2020 22:59
PDF opprettet	11.11.2020 09:27

---

## Seksjon 1

Oppgave	Tittel	Oppgavetype
<b>i</b>	Informasjon	Dokument
1	Del I - teori (vektes 1/3)	Langsvar
2	Del II Praktikum (vektes 2/3)	Langsvar

## 1 Del I - teori (vektes 1/3)

De alminnelige kontraktsrettslige prinsippene i norsk rett.

Skriv ditt svar her...

### Alminnelege kontraktsrettslege prinsipp i norsk rett

I likskap med ein rekkje andre rettsområder i norsk rett, inneheld kontraktsretten ein rekkje grunnleggjande prinsipp. Forvaltningsretten har til dømes legalitetsprinsippet som krev heimel i lov for å fatte vedtak, og i strafferetten må det hevast over ein kvar rimeleg tvil for å få nokon dømt.

Eit alminneleg kontraktsrettsleg prinsipp er grunnleggjande tankar som står bak ein rekkje av dei lovfesta kontraktsreglane. Desse prinsippa byggjer på forskjellige omsyn som skal sikre eit rimeleg utslag.

Det at dei alminnelege kontraktsrettslege prinsippa utgjer "ryggraden" i kontraktsretten, gjer prinsippa anvendelege på ulovfesta kontraktsområder. Dette er også det mest vanlege kjenneteiknet ved slike prinsipp. Leige av ting eller tenestekontrakter er typiske døme på kontraktsområder der dei alminnelege kontraktsrettslege prinsippa vil utgjere bakgrunnsrett, der kontrakten i seg sjølv ikkje løyser spørsmålet eller tvisten som har oppstått.

I det vidare vil det gjerast greie for ein del av dei alminnelege prinsippa, herunder særleg med utgangspunkt i bestemmelser i kjøpslova.

Høgsterett uttalte i dommen Rt. 1999 s. 408 at kjøpslova i stor grad gir uttrykk for alminnelege obligasjonsrettslege prinsipp. Likeins er dei andre kontraktslovene i stor grad bygd på samme måte som kjøpslova,

då dei er utarbeida med kjøpslova som eit slags utgangspunkt. Med unntak av nokre bestemmingar og språklege skilnadar, er reglane relativt "like". Rettsavgjersler som angår andre kontraktsforhold enn kjøp, kan difor vise på samme måte korleis prinsippa gjer seg gjeldande.

### **Historisk utvikling**

Nokre av dei obligasjonsrettslege prinsippa som gjer seg gjeldande i dag, stammar heilt tilbake frå den romerretten. Desse prinsippa vart brakt vidare og vidare utvikla av tyske rettsteoretikarar. Den tyske kontraktsrettsteorien hadde stor innflyting på Danmark og dansk rettsteori, som vidare prega i stor grad norsk kontraktsrett. Den fellesnordiske kjøpslova frå 1907 var i stor grad ein lovfesting av desse prinsippa. Behovet for revisjon og modernisering av den gamle kjøpslova, som gjorde seg gjeldande på særleg 60- og 70-talet førte til den no gjeldande kjøpslova. Lovarbeidet var ikkje meint å føre med seg særlege endringar mellom den gamle og nye lova, som talar også for at no gjeldande kjøpslov framleis gir uttrykk for prinsippa. Likevel er no gjeldande kjøpslov prega av CISG, som vart utarbeid av FN i eit forsøk på å lage ein felles internasjonal bakgrunnsrett. Ein kan med andre ord kalle CISG ein "internasjonal kjøpslov". Denne påverknaden førte likevel ikkje med seg så store endringar mellom den gamle og nye kjøpslova.

### **Pacta sunt servanda**

Pacta sunt servanda tyder "avtaler skal holdes". Dette prinsippet følgjer også av NL 5-1-2. Prinsippet gir uttrykk for at gyldige avtaler skal holdes. Herunder kan ein også plassere prinsippet om "yting mot yting".

Heving.

Det følgjer av kjl. §39 at kjøparen kan heve avtalen dersom det føreligg eit "vesentlig kontraktsbrudd". Dette prinsippet er å rekne som eit alminneleg prinsipp. Tanken er at kreditor ikkje skal måtte stå seg

I Rt. 1998 s. 1510 uttalte Høgsterett at ved heving er vurderings spørsmålet

om kjøper har "rimelig grunn" til å komme seg "fri fra avtalen"

### Naturaloppfyllelse

Krav om naturaloppfyllelse er eit alminneleg prinsipp, som er moderert gjennom nokre unntak. Kreditor kan krevje å få oppfylt avtalen, med mindre det føreligg ein uovervinneleg hindring for debitor, eller at naturaloppfyllelse vil medføre ulempe eller kostnad som står i misforhold til kjøpers interesse i å få avtalen oppfylt. Bakgrunnen for dette er at ein ikkje kan gripe for hardt inn i debtors private sfære. Naturaloppfyllelse gjeld berre ved forseinking.

### Detensjonsrett

Detensjonsrett er kreditors moglegheit til å halde tilbake eigen yting for å sikre dekning for sitt krav. Tilbakehaldsretten er lovfesta i kjl. §42, og går ut på at kreditor kan halde tilbake så mykje av sin yting at han får sikra kravet sitt etter kontrakten dekt.

Direktekrav bryt med relativitetsprinsippet og retten til å fremje direktekrav kan difor ikkje reknast for å vere eit alminneleg prinsipp. Sjølv om moglegheita til å fremje direktekrav er lovfesta i dei sentrale kontraktslovene, uttalte Høgsterett i HR-2018-2256 at det ikkje finnast ein generell adgang til å fremje direktekrav på ulovfesta område, men at det må vurderast i kvar enkelt sak om det let seg gjere.

### **Lojalitesplikta og utslag av denne**

Ein grunnleggjande tanke innanfor kontraktsretten er at kontraktspartane skal opptre lojalt ovanfor kvarandre. Lojalitetsplikt i seg sjølv har ein vag betydning, men tanken står bak fleire prinsipp. Plikta inneberer at partane skal ta omsyn til kvarandre. Ein part har som hovudregel risikoen for eigne føresetnader og sin eigen rettsvillfaring, men motparten skal likevel ta visse omsyn.

## *Reklamasjon*

Reklamasjon tyder at kreditor må gi melding til debitor om at det som er motatt ikkje er kontraktsmessig. Dette har sitt utslag frå lojalitetsplikta. Kva som må ligge til grunn for at meldinga frå kjøpar skal reknast for å ver ein reklamasjon uttalte Høgsterett i dommen som er inntatt i Rt. 2012 s. 1779. Det føreligg ein reklamasjon når ein mangel gjerast gjeldande i ein melding til seljar/debitor som gir uttrykk for at det føreligg ein "kontraktstridig leveranse" og at kjøpar vil "påberope seg rettslige krav", jf. dommens avsnitt 65. Vidare uttaler Høgsterett at dette samsvarar med lojalitetsomsyna bak reklamasjonsreglane.

Av kjl. §32 følgjer det at kjøparen må gi melding til seljaren "innen rimelig tid" etter at kjøparen "oppdaget eller burde oppdaget" mangelen. Denne plikta ser ein igjen i alle dei forskjellige kontraktslovene.

I Rt. 2011 s. 1768 som gjaldt reklamasjon etter avhl. §4-19, uttalte Høgsterett at det at kjøpar må gjere gjeldande reklamasjon "innen rimelig tid" samanfaller med alminnelege obligasjonsrettslege prinsipp. Kva som reknast for "rimelig tid" har vore gjenstand for diskusjon. Ein gjengangar i rettsavgjersler som omhandlar vilkåret om "rimelig tid" er at kreditor må ha fått moglegheita til å områ seg, både når det gjeld omfang og betydning av mangelen. Dette kan illustrerast ved to eksempel.

Dersom A kjøper ein mobiltelefon av B og det viser seg samme dag at det ikkje går an å ringe med telefonen, vil det ut i frå kunnskapen A har og kontraktsgjenstandens art, tilseie at A bør reklamere rimeleg raskt ovanfor B. Dersom det derimot dreier seg om kjøp av ein lastebil, der det moglegeins vil krevjast sakkundig bistand for å kunne forstå omfanget av mangelen, vil den relative fristen ofte vere lenger, då ein normalperson ikkje vil ha samme kunnskap om lastebilar som ein lastebilmekanikar.

## *Opplysningsplikt*

Gjennomgåande i kontraktslovgivinga har debitor eller seljar ein opplysningsplikt. Denne opplysningsplikta er eit utslag av lojalitetsomsynet. Dersom debitor gir uriktige eller held tilbake opplysningar kan dette reknast for å utgjere ein mangel, som igjen opnar

opp for misleghaldsbeføyingar frå kreditor.

Opplysningsplikta er lovfesta i kjl. §18. Eit vilkår for at brot på opplysningsplikt skal utgjere ein mangel er at det har innverka på kjøpet.

## **Balanse i kontraktsforholdet**

### *Prisavslag*

Prisavslag er ein beføyelse som reknast for å vere eit alminneleg obligasjonsrettsleg prinsipp. Dette kom seinast til uttrykk i HR-2020-475 der Høgsterett gav fondskundar prisavslag på fond som dei hadde kjøpt av DNB. Prisavslag i dette tilfellet var ikkje lovregulert og Høgsterett måtte difor ta stilling til prisavslaget på ulovfesta grunnlag.

Hovudregelen i norsk kontraktsrett er forholdsmessig prisavslag, jf. kjl. §38. Prisavslag som misleghaldsbeføying er ein objektiv bestemmelse, og det føresetjast berre mangel. Det er ikkje eit absolutt vilkår at det føreligg ein verdireduksjon, jf. HR-2018-392-A. Saka gjaldt prisavslag etter buofl., der Høgsterett gav medhald i prisavslag sjølv om huset ikkje hadde ein verdireduksjon. Prisavslaget vart tilkjend fordi huset var bygd for nærme nabohuset, som førte til innsyn.

### *Kontraktsrevisjon*

#### **Bristande føresetnader**

Bristande føresetnader er ein form for kontraktsrevisjon der kontrakten endrast fordi føresetnadene ved inngåinga av avtalen har falt vekk eller ikkje gjer seg gjeldande lenger, som følge av forhold som skjer etter avtaleinngåinga. Dette gjer seg særleg gjeldande i entrepriseavtalar eller langvarige leveringsavtalar.

Høgsterett gir i dommen Rt. 1999 s. 992 ein god forklaring på kva som skal til for at det skal føreligge bristande føresetnader. For at ein part skal kunne påberope seg ein bristande føresetning seiast det gjerne at føresetnaden må ha verka "motiverande" for løftegivar. Dette vil seie at parten ikkje ville inngått avtalen ved kunnskap om den oppståtte

situasjonen og at dette var synbart for motparten. Vidare må føresetnadssvikten vere "relevant". Dette viser til ein vurdering om kven som etter ein samla vurdering bør bere risikoen for utviklinga som har skjedd. Eit visst tap må debitor kunne tåle. På den andre sida vil eit særleg omfattande tap kunne vere sjølvstendig grunn til å tilegge ein bristande føresetnad relevans. Eit døme på dette ved ein langvarig avtale er å finne i voldgiftsdommen Rt. 1951 s. 371.

### *Erstatning*

Kontraktserstatning er eit alminneleg prinsipp. I likskap med prisavslag er målet med erstatning å gjenopprette den ubalansen kontraktsbrotet har medført. Det avgrensast i det følgjande mot erstatningsvilkåra adekvans, årsakssamanheng og økonomisk tap.

### *Ansvarsgrunnlag*

Innanfor kontraktserstatning er det hovudsakleg tre forskjellige ansvarsgrunnlag. Dette er culpa, kontrollansvar og objektivt ansvar.

Culpa betyr skyld og gjer seg gjeldande som ansvarsgrunnlag der debitor har handla uaktsomt. Det er nok med simpel uaktsomhet frå seljar.

Culpa er "hovudregelen" i norsk skadeserstatning og var også hovudregelen i norsk kontraktserstatning. I seinare tid kan det argumenterast for at kontrollansvaret har overtatt som hovudregel, utan å gå nærare inn på denne diskusjonen. Culpa som ansvarsgrunnlag finn ein til dømes i kjl. §27 (5), jf. "feil eller forsømmelse", og på ulovfesta grunnlag.

Kontrollansvaret er eit objektivt ansvar for seljaren, med mindre seljaren kan vise til at fire kumulative fritaksvilkår er oppfylt. Det må føreligge ein hindring som seljaren ikkje kunne unngå eller overvinne, hindringa må vere utanfor seljarens kontroll og hindringa kan ikkje med rimelegheit ventast å vere tatt i betraktning på avtaletidspunktet.



Dersom debitor har påtatt seg ein garanti eller liknande for ytinga, føreligg det eit objektivt erstatningsansvar. At ansvaret er objektivt betyr at debitor er ansvarleg uansett om det skuldast uaksomhet eller ikkje. Eit eksempel kan illustrerere: Dersom A sel ein bil og garanterer for at motoren skal fungere i 5 år, og motoren bryt saman etter 2 år, vil A måtte dekke kostnadane ved å få ordna motoren.

## 2 Del II Praktikum (vektes 2/3)

Avgjør tvistene som finnes i oppgaveteksten på det vedlagte pdf-dokumentet ved å ta stilling til kravene som fremmes, og ved å drøfte alle rettslige spørsmål som faktum foranlediger, så vel de prinsipale som de subsidiære.

**Skriv ditt svar her...**

Oppgåva reiser to tvister. Den eine tvisten er mellom Peder og Fritidsbåter, medan den andre er mellom Peder og Båtservice. Tvistane vil bli handsama kvar for seg.

### **Tvist 1: Peder mot Fritidsbåter AS**

Peder kjøpte ein cabin cruiser av Fritidsbåter. Han ba om å få ein motor som var miljøvennleg. Dette fekk Fritidsbåter ordna gjennom firmaet Båtservice AS.

Avtalen gjelder salg av ein båt. Forbrukerkjøp er legaldefinert i forbrukerkjøpslova, herav forkorta fbkjl., §1 (2). Av bestemmelsen følger det at det er eit forbrukarkjøp dersom det gjeld "salg av ting" til ein "forbruker" når selgeren "opptrer i næringsvirksomhet". Fritidsbåter må klart reknast for å opptre i næringsvirksomhet. Det er ikkje noko i faktum som tilseier at Peder opptrer i "næringsvirksomhet" og han er følgjeleg å rekne som forbruker, jf. fbkjl. §1 (3). Fbkjl. kjem følgjeleg til anvendelse på forholdet mellom Peder og Fritidsbåter.

Sjølv om Fritidsbåter har gått med på å skifte motor på båten, utgjer ikkje dette arbeid eller teneste som kan reknast for å vere ein "overveiende



del" av deira "forpliktelse", jf. fbkjl. §2 (2) d). Salget av båten må reknast for å vere deira hovudforpliktelse.

Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er følgjeleg kontrakten, fbkjl. og alminnelige kontraktsrettslege prinsipp. Fbkjl. er preseptorisk, som betyr at det ikkje kan avtalast vilkår som er "ugunstigere" for forbrukaren enn det som følgjer av fbkjl., jf. fbkjl. §3.

Peder fremjer krav om prisavslag tilsvarande kr. 150 000 og holder tilbake restkjøpesummen på kr. 200 000. Fritidsbåter motsett seg at Peder kan halde tilbake restkjøpesummen og at prisavslaget ikkje kunne vere kr. 150 000. Dei anfører vidare at ved å bytte ut turboen, vil det ikkje vere aktuelt med eit prisavslag.

### **Føreligg det ein mangel?**

Ein føresetnad for at Peder i det heile skal få medhald i krava sine, må det føreligge ein mangel. Oppgåva reiser to moglege mangelsgrunnlag. Det eine er mangel ved motoren i seg sjølv og misleghaldt opplysningssvikt.

Det føreligg ein mangel dersom det er eit kvalitativt, kvantitativt eller artsmessig avvik mellom det avtalte og det faktisk leverte, og dette skuldast forhold på debtors side.

Båten er seld "som den er". Ein alminneleg språkleg forståing av dette tilseier at Fritidsbåter har fråskrive seg ansvaret for eventuelle manglar og at Peder ikkje i det heile tatt kan fremje krav som følgje av manglar. Dette vert likevel moderert av fbkjl. §17. Kva betydning det skal ha at tinger er solg "som den er" vil bero på ein tolking av den enkelte avtale i lys av dei generelle kjøpsrettslege reglar, ved den kontraktsmessige vurdering av det leverte, jf. Rt. 1994 s. 1089.

Det første spørsmålet vert difor om det føreligg ein mangel. Av fbkjl. §17 a) følgjer det at sjølv om tingen er seld "som den er" føreligg det ein mangel når tingen er i "dårliger stand" enn forbrukeren med rimelegheit "hadde grunn til å forvente på bakgrunn av forbeholdet, kjøpet størrelse og forholda ellers.

Det første spørsmålet vert difor om båten er i "dårligere stand" enn Peder med rimelegheit hadde "grunn til å forvente". Kva Peder med rimelegheit kunne forvente må tolkast ut i frå avtalen og forholda rundt kjøpet.

Av avtalen følgjer det at Sorgenfri skulle få levert ein ny og miljøvennleg motor, utan at det vart gitt nokre tekniske spesifikasjonar. Den opprinnelege motoren hadde 500 hestekrefter og toppfart på 35 knop. Peder anfører at ingenting i marknadsføringa eller avtalen tilsa at Sorgenfri hadde svakare motor og toppfart enn tidlegare. Dette tilseier at Peder kunne forvente ein motor med like eigenskapar som den tidlegare motoren.

Likevel ynskja Peder ein meir "miljøvennleg" motor og la vekt på at han ynskja ein motor som ikkje forureina.

Ein må alminneleg kunne gå ut i frå at ein miljøvennleg motor vil vere svakare enn ein diesel-motor. Ein dieselmotor vil nytte meir drivstoff og slike motorar nyttast ofte i store motorkøyretøy som t.d. lastebilar, som vidare talar for at slike motorar er kraftigare enn ein miljøvennleg motor som t.d. er heilelektrisk eller hybrid. Dette talar for at Peder ikkje kunne forvente ein like kraftig motor, når han la vekt på at motor måtte vere miljøvennleg.

Den nye miljøvennlege motoren skulle ha 400 hestekrefter og toppfart på 30 knop. Ved riktig montering av turboen ville den ha ein effekt på 450 hestekrefter og toppfart på 32 knop. Motoren i riktig montert

tilstand ville utgjort ein skilnad på 50 hestekrefter og fartskilnad på 3 knop. Sett saman med ynskje om ein miljøvennleg motor kan ikkje skilnaden frå opprinneleg motor og ny og riktig monterte motor utgjere at motoren er i "dårligere stand" enn det Peder hadde "rimelig grunn til å forvente".

Det er imidlertid det objektive avviket mellom avtalt yting og faktisk yting som er det avgjerande ved vurderinga. Den faktiske ytinga motoren hadde var 300 hestekrefter og ein toppfart på 25 knop. Dette skuldast feil ved monteringa av motoren. Det føreligg difor eit faktisk avvik på 200 hestekrefter og fartskilnad på 10 knop. Dette avviket må kunne reknast for å vere relativt stort.

Den faktiske tilstanden på motoren må difor kunne reknast for å vere i "dårligere stand" enn det Peder med rimelegheit "hadde grunn til å forvente".

Av faktum følgjer det at Fritidsbåter i avtalen fråskreiv seg alt ansvar for feil med motorens "montering og funksjon". Fritidsbåter viser til at motorkraftens ytterleggare redusering er ein følgje av feilmonteringa hos Båtservice.

Kontraktsmedhjelperansvaret er ein identifikasjonsregel som gjer til at debitor identifiserast med medhjelparen. Høgsterett uttalte i Rt. 1986 s.1386 at etter alminnelige kontraktsregler må det gjelde at den som bruker ein medhjelpar til å oppfylle ein kontraktsmessig forplikting, som hovudregel heftar for kontraktsbrudd som følgje av medhjelparens handlingar på samme måte som om desse var foretatt av seljaren sjølv. Fritidsbåter må difor identifiserast med Båtservice ved monteringa av den nye båtmotoren.

Delkonklusjon: Det føreligg ein mangel etter fbkjl. §17 a.

Av faktum følger det at Peder hevder Fritidsbåter hadde fortia og gitt uriktige opplysningar om båten og forleia han til å tru at båten vart levert med ein nyare motor, men med dei same eigenskapane som den opprinnelege motoren frå 2005. Fritidsbåter avviser kravet og meiner det ikkje føreligg ein slik mangel.

Av fbkjl. §17 b) følger det vidare at dersom det føreligg forhold som fell under fbkjl. §16 b eller c) vil dette også gjelde som mangel.

Peders krav viser til fbkjl. §16 b). Av denne bestemminga følger det at det føreligg ein mangel dersom seljaren har unnlatt å opplyse om forhold ved tingen eller dens bruk som seljaren "burde kjenne til" og som forbrukeren "hadde grunn til å regne med å få", dersom unnlatinga antas å ha hatt "innvirkning" på kjøpet.

Av faktum følger det at Båtservice informerte Fritidsbåter om at den nye motoren var svakare enn den gamle. Fritidsbåter nemnde ikkje dette til Peder fordi dei meinte dette ikkje kunne vere relevant for han. Det føreligg difor eit forhold med tingen som Fritidsbåter "kjente til".

Spørsmålet vert vidare om det er noko Peder hadde "rimeleg grunn til å regne med å få".

Av faktum følger det at motoren var av særleg betydning ved kjøpet av Sorgenfri. Den måtte vere miljøvennleg og ikkje forureine. På bakgrunn av at motorvalet var av særleg betydning, er forhold som er relevante til dette, noko Peder "hadde grunn til å rekne med å få"

Spørsmålet vert så om unnlatinga kan "antas" å ha hatt "innvirkning" på kjøpet.

Ein alminneleg språkleg forståing av "antas" tilseier at det må føreligge ein ein viss sannsynlegheit for at det har hatt innverknad på avgjersla om

å kjøpet båten.

Peder skulle bruke båten til koselege familieturar i Oslofjorden. At den nye motoren var svakare enn den opprinnelege, er som tidlegare nemnd noko ein med alminnelegheit må kunne forvente ved meir miljøvennlege motorar. Motoren som vart plassert ville riktig monterert hatt eit mindre avvik, objektivt sett. Eit slikt mindre avvik er lite sannsynlig ville spelt noko stor rolle for Peder, då det viktigaste for han var at motoren oppfylte notidas miljøkrav. Det leggjast difor til grunn at unnlatinga "antas" å ikkje ha hatt "innvirkning på kjøpet".

Delkonklusjon: Det føreligg ikkje mangel som følgje av misleghaldt opplysningsplikt, jf. fbkjl. §16 b).

*Det gjerast oppmerksomt på at det kunne vore reist spørsmål om det at Peder ynskjer å få Sorgenfri levert med ein "ny" og miljøvennleg motor, men får ein motor som er brukt tidlegare utgjør ein mangel i seg sjølv. Ein liknande problemstilling var sentral i dommen som er intatt Rt. 2015 s.321. Der kjøpte A ein bil av Sandvika bil som var oppgitt som ny, men som hadde køyrt ca. 800 km. Høgsterett kom til at bilen etter dette ikkje kunne reknast for å vere ny. I saka hadde derimot dette mykje å seie for garantien på bilen og A fremja eit hevingskrav. Saka skil seg dermed i frå saka til Peder. Det er heller ikkje noko i faktum som tilseier at dette er noko Peder byggjer sine krav på.*

### **Har Peder krav på prisavslag?**

Peder fremjer eit krav om prisavslag på kr. 150 000. Fritidsbåter motsett seg dette, då eit bytte av turboen til kr. 40 000 ville vere tilstrekkeleg for å få motoren i kontraktsmessig stand.

Prisavslag er ein objektiv misleghaldsbeføying, der det einaste vilkåret er at det føreligg ein mangel. Det er klart at det føreligg ein mangel, jf. tidlegare drøfting.

Av fbkjl. §31 følger det at dersom tingen ikkje rettast, kan forbrukaren krevje eit passande prisavslag sett hen til "forholdet mellom nedsatt og avtalt pris" svarar til "forholdet mellom tingens verdi i mangelfull og kontraktsmessig stand".

Det er ikkje nok opplysningar i faktum til å rekne ut eit slikt prisavslag.

Det følger av avhl., buofl og hvtjl. at dersom ein ikkje har grunnlag for anna kan ein setje prisavslaget til kostnadande ved å få tingen retta. Det må kunne trekkjast analogier frå desse, særleg når buofl. og hvtjl også er forbrukerlover.

Av faktum følger det at det vil koste kr. 40 000 å fikse turboen. Dersom den vert fiksa vil båten vere i kontraktsmessig stand, jf. tidlegare drøfting.

Delkonklusjon: Peder har krav på prisavslag begrensa til kr. 40 000.

### **Kan Peder halde tilbake restkjøpesummen?**

Peder insisterer på at han kan halde tilbake restkjøpesummen på kr. 150 000. Fritidsbåter mot sett seg dette.

Av fbkjl. §28 følger det at forbrukaren kan halde tilbake ein del av kjøpesummen som vil gi "betryggende sikkerhet for kravet". Eit vilkår for å halde tilbake ein del av kontraktssummen er at kravet oppfyller vilkåret om konneksitet. At krav er konnekse vil seie at dei stammar frå samme forhold.

Restkjøpesummen følger av at Peder skulle selje ein bil på omtrent samme tidspunkt. At restkjøpesummen ikkje er betalt har difor ikkje noko med mangelen å gjere, men følger av at Peder ikkje hadde nok pengar på avtaletidspunktet. Kravet til konneksitet er difor ikkje oppfylt og Peder kan ikkje halde tilbake restkjøpesummen

## **Kan Fritidsbåt krevje å rette mangelen?**

Fritidsbåt ikrev subsidiært å rette mangelen.

Av fbkjl. §29 (3) kan seljaren tilby retting. Dette avskjerer også forbrukarens rett til prisavslag og heving. Fbkjl. §30 regulerer gjennomføringa av avhjelp. Av denne bestemminga følgjer det at rettinga skal skje utan kostnad og vesentleg ulempe for forbrukaren. Det skal også skje innan rimeleg tid.

Av faktum følgjer det at Fritidsbåter tilbyr seg å rette mangelen kostnadsfritt innan 3 dagar.

Det er ikkje anført i faktum at det vil vere til vesentleg ulempe for Peder.

Vilkåra for seljars rett til å tilby retting må difor anses oppfylt, jf. fbkjl. §29, jf. fbkjl. §30.

Delkonklusjon: Fritidsbåter kan krevje å rette mangelen.

## **Tvist 2: Peder mot Båtservice AS**

Peder fremjer krav om prisavslag på kr. 150 000 for feilane på Sorgenfri mot Båtservice. Båtservice stilte seg uforståande til kravet frå Peder, og viste til at dei ikkje hadde noko kontraktsforhold med han. Peder fremjer med dette eit direktekrav mot Båtservice.

Spørsmålet vert difor om Peder har heimel for å fremje direktekrav mot Båtservice.

Av fbkjl. §35 (1) følgjer det at forbrukeren kan fremje "sitt mangelskrav" mot seljaren gjeldande mot et "tidligere yrkessalgssledd", for så vidt "tilsvaende krav" på grunn av mangelen kan gjerast gjeldande av



seljaren.

Ein alminneleg språkleg forståing av "tidligere yrkessalgssledd" tilseier at det tidlegare leddet må ha solgt tingen vidare til seljaren og opptrådd i næringsverksemd, jf. uttrykket "yrkessalg". Båtservice kan ikkje reknast for å vere "yrkessalgssledd", då dei ikkje har seld båten til Fritidsbåt. Peder kan difor i utgangspunktet ikkje fremje direktekrav mot Båtservice.

Det følgjer likevel av fbkjl. §35 (4) at forbrukeren kan på samme vilkår som etter fbkjl. §35 1. til 3. ledd gjere sitt krav som følgje av mangelen gjeldande mot ein "yrkesutøver" som etter avtale med selgeren eller tidligere ledd har "utført arbeid på tingen".

Ein alminneleg språkleg forståing av "yrkesutøver" som har "utført arbeid på tingen" tilseier at det tidlegare leddet må ha opptrådd i næringsverksemd og gjort arbeid i form av t.d. reperatur eller andre utskiftingar på tingen.

Båtservice har etter avtale med Fritidsbåt skifta motor på Sorgenfri. Det kan ikkje vere tvil om at Båtservice gjer oppgåva i næringsverksemd, då det følgjer av faktum at dei var eit spesialistverksted for båtar. Likeins må å skifte ein båtmotor reknast for å vere "arbeid på tingen". Peder har difor heimel til å fremje direktekrav etter fbkjl. §35 (4), jf. §35 (1).

Delkonklusjon er at Peder har heimel for fremje direktekrav mot Båtservice.

Spørsmålet er vidare om Fritidsbåtar har eit "tilsvarande krav" på grunn av mangelen

Avtalen mellom Fritidsbåtar og Båtservice er ein tenestekontrakt mellom to næringsverksemdar, og er følgjeleg ikkje eit lovregulert kontraktsforhold. Forholdet mellom partane vert difor regulert av

avtalen og alminnelige prinsipp.

Av avtalen mellom Fritidsbåter og Båtservice fraskriver Båtservice seg alt ansvar for deil som skuldast uriktig eller ufullstendig informasjon frå oppdragsgiver.

Det føreligg ein mangel ved montering av turboen, jf tidliger

Av fbkjl. §35 andre ledd følgjer det at avtalevilkår som innskrenkar seljarens rett til å fremje krav, ikkje kan gjerast gjeldande ovanfor forbrukaren, i større grad enn det som kan avtalast mellom seljaren og forbrukaren.

Ein slik fraskrivning som båtservice har i avtalen med fritidsbåter kan difor ikkje gjerast gjeldande ovanfor Peder.

Ein kan tilleggje retteplikt på ulovfesta grunnlag, jf. Haaskjold, obligasjonsrett. Fritidsbåter kan krevje at Båtservice retter mangelen for kr 40 000.

Peders krav er begrensa av det Fritidsbåter kan krevje, og han kan difor berre fremje direktekrav med prisavslag til kr. 40 000.

Tidsnød